

Birtedalen sti- og løypelag
Birtedalsvegen 2481
3870 Fyresdal

08.01.2025



Fyresdal kommune
Klokkarhamaren 6
3870 Fyresdal

Innspel på høyring – temaplan kulturbygg, idrett og friluftsliv

Viser til høyring utlyst på Fyresdal kommune si heimeside.

Birtedalen er eit stort hytteområde med mange fritidsbustader og stor aktivitet. Her er turruter sommarstid, drifta av Turistforeininga og Fyresdal kommune, via Fyresdal Turlag. Vinterstid har Birtedalen sti- og løypelag ansvar for mange kilometer med skiløyper. Vi har utarbeidd eigen sti og løypeplan. Og vi ynskjer at kommunen lagar ein sti- og løypeplan for heile kommunen – dette innspelet kom vi med til planstrategien tidlegare.

Vi i Birtedalen sti- og løypelag har lagt ned mykje arbeid i å vidareutvikle tilbodet for turistar og fastbuande. Det blir køyrd mange kilometer med skiløyper gjennom vinteren. Det er laga tursti langs Birtevatn, der det ikkje var lett å kome til før, anna enn med båt.

Aktivitetane i Birtedalen støttar alle opp mot Nasjonale føringar, handlingsplanar, folkehelsemelding, Stortingsmelding og andre nasjonale planar. Barnehage og skule kan legge ekspedisjonar og aktivitetsdagar hit. Det vere seg fisking, tur eller skileik. Det å gjere barnehageungar og elevar kjende i grendene er og viktig i arbeidet opp mot det å få dei til å flytte heim att etter endt skulegang.

Folkehelse

Sølv om folkehelselova gjev kommunane ansvar for å fremme innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, har vi i Birtedalen flest fritidsinnbyggjarar.

Dei er nok i overvekt av dei som brukar dei ulike aktivitetane i Birtedalen.

Vi ynskjer og at Fyresdal sine innbyggjarar skal kunne kome hit for å bruke naturen.

Arbeid opp mot god folkehelse bør ikkje avgrensast av kommunegrenser.

Dette er uansett godt førebyggjande arbeid.

Det arbeidet som blir gjort i Birtedalen av frivillige støttar opp om dette.

Folk har anledning til å gå lettare stiar/løyper enn det dei har gjort før.

Det er kø ved bålpanna i gapahuken.

Verkemiddel/ tilskotsordningar

I temaplanen saknar vi ei kolonne i oversiktene over hovudsatsningsområda der det står verkemiddel/tilskotsformidlarar for å nå måla. Verkemiddel kan vere spelemidlar, tilskotsportalen, Telemark fylkeskommune, Fyresdal kommune og sikkert andre...

Spelemidlar

Fyresdal kommunen må bli meir positive til førespunadar kring spelemiddelordninga.

Det vises til i planen at det i Birtedalen er ynskje om meir aktivitet og i samarbeid med kommunen og andre for å få tilgang til spelemidlar....

Birtedalen sti- og løypelag har gjennom fleire år prøvd å få anledning til å søke om spelemidlar, dette har vi ikkje lukkast med. Vi er sjølv ikkje spelemiddelberettiga grunna måte vi er organisert på.

Kommunen har fått førespurnad mange gonger, om å stå som medsøkar, men svaret har vore negativt.

Spelemidlar kan vere med på å realisere mange type anlegg og det sparar mellom anna dei frivillige for mykje arbeid med å leite etter kor vi kan sende søknad som støttar opp om akkurat det vi driv med.

Vi viser til den vedtekne Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035, her er det mange strategiar som kan vere argument for at Fyresdal kommune kan stø opp om og vere støttespelarar ved søknadar om grasrotmidlar.

Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod

- Støtte opp innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod
- Legge til rette for aktivitet for alle aldersgrupper, og som gjev tilbod til fleire generasjonar samtidig
- Jobbe for ei meningsfull fritid for alle

Fyresdal kommune skal legge til rette for vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon

- Legge til rette for medverknad i utviklinga
- Stimulere til utvikling av overnattingskapasitet og tilbod
- Stimulere til utvikling av lokalmatkonseptet
- Stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar

Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte

- Bevare kulturlandskapet, særleg støylar
- Miljø og klima har fokus i planarbeidet
- Legge til rette område for ulike næringar og fritidsaktivitetar
- Ha fokus på komande generasjonar
- Legge til rette for tur og fritid i natur og utmark
- Legge til rette for vidare utbygging av eksisterande og vurdere nye område for fritidsbustad

Satsingsområda

Alle punkta frå ein til fire innbefattar aktivitetane i Birtedalen.

Her er det mykje frivillig innsats, men og betalt arbeid for løypekøyring.

Innbetalingar frå brukarane av løypene er frivillig i Norge.

Vi meiner tilskot frå Fyresdal kommune til oppkøyring av skiløyper må aukast betydeleg.

Dagsturhytta kan med fordel leggjast til Birtedalen då her allereie er ein del anlegg å besøke.

Grunneigarane må sjølvstykke det også.

Busstransport til Birtedalen er eit godt innspel.

Mvh

For styret i Birtedalen sti- og løypelag

Grethe Lassemo